



## ÅRSMELDING 2005 (for tidsrommet 12/6-2004 – 18/6-2005)

Styret i Olav Sletto – selskapet har dette året vore samansett slik:  
Arne Skogheim (leiar), Turid Birgit Lien (nestleiar), Kåre Olav Solhjell, Kaare Wensaas og Per Lilleslett. Varamedlemmer har vore Evalill Sletto, Maria Søndrål Wick og Eli Sælid.

På val årsmøtet 2005 står styremedlemmene Turid Birgit Lien og Kaare Wensaas, samt varamedlem Evalill Sletto.

Årsmøtet den 12. juni 2004 gjorde vedtak om ei vedtektsendring i § 6. Rekneskapen skal heretter reviderast av to revisorar valde av årsmøtet. Osvald Medhus og Jan Robert Wick vart valde som revisorar. Knut Medhus og Knut Øyvind Skaro er valnemnd.

Det var møtt fram 33 personar på det opne årsmøtet. 24 av desse var medlemmer.

Ola Jonsmoen heldt eit glitrande kåseri om Olav Sletto og Per-bøkene. Manuset til kåseriet vart oversendt selskapet og er trykt i Årshefte 2005.

På årsmøtet vart Jul Haganæs utnemnd som æresmedlem i selskapet. Han var den som tok initiativet til skiping av Olav Sletto – selskapet under seminaret i år 2000 og har vore styremedlem i selskapet til han no etter eige ynskje gjekk ut av styret. Haganæs fekk diplom og blommar med takk for innsatsen for selskapet.

Alle medlemmene fekk eit eksemplar av Årshefte 2004. Heftet inneheld m.a. ein lengre artikkel om kampen for diktarløn til Olav Sletto.

På årsmøtet kom det inn i alt 3339 kroner til selskapet, fordelt på loddsal 1949 kroner, boksal 1290 kroner og medlemskontingent 100 kroner.

Arne-Ivar Kjerland frå Nynorsk Antikvariat A/S var til stades på årsmøtet og selde Sletto-bøker og bøker av Ola Jonsmoen.

Medlemstalet i selskapet har hatt bra auke siste året. Pr. 8. mai 2004 var det 55 betalende medlemmer, pr. 1. juni 2005 er medlemstalet 79.

Det er halde eitt styremøte i selskapet omfram årsmøtet. Styret arbeider no med spørsmålet om utgjeving av Per-bøkene som lydbøker, i samarbeid med Radio Hallingdal. Arbeidet med Sletto- samlinga i Hol bygdearkiv held fram. Likeeins blir det arbeidd med å få laga ei nettside for selskapet.

Det er utsendt to medlemsbrev i arbeidsåret, og dei medlemmene som ikkje var til stades på årsmøtet har fått tilsendt Årshefte 2004.

To av medlemmene i selskapet, Marie og Arne Skogheim, har arbeidd ut eit lite undervisningsopplegg om Olav Sletto til bruk i prosjektet "Den kulturelle skulesekken".

Hol, den 18. juni 2005.

Arne Skogheim

Turid Birgit Lien

Kåre Olav Solhjell

Per Lilleslett

Kaare Wensaas